

JOTA-rapport frå LA7G og Lesja Speidergruppe:

CQ JOTA frå Hondyrju, Dovrefjell

LB4CD Ola-Matti

Lesja Speidergruppe deltok på JOTA-15 frå Dovrefjell. Vi hadde ei knallfin helg på Ottobu, som er ei hytte Røde Kors eig.

I LA2OGs fotefar

I år gjorde vi noko som har vore gjort av speidarane på Dombås tidlegare: Vi reiste til fjells for å vera med på JOTA. LA2OG Per (SK) har gjort dette før meg mange gongar, og det var ei spesiell kjensle å følgje i fotefara åt ein god radiokamerat. Ei av dei vaksne leiarane, Katrine Stensland, hugsar godt JOTA-turane med Per. Det var ho som foreslo Ottobu og Hondyrju for speidarane i Lesja. Det er vi glade for. Dette er eit høgdepunkt i radioåret for oss som likar radio og speiding.

Vi ordna ferdig radioutstyret fredag etter arbeid. Oppstart var klokka 1000 lørdag, så det er bra med alt som er gjort. Ei kraftig glassfibermast på 15,4 meter blei nytta som oppheng for ei Fritzel FD-4 windomantenne som går på alle band frå 80–10 meter. Ein Yaesu 857 og antennetuner blei lånt frå anlegget LA7G har på brannstasjonen på Dombås, då var stasjonen komplett. Enkelt, men velprøvd og greitt utstyr.

Vanskelege radioforhold

Spenninga i år knytta seg nok mest til radioforholda på kortbølga. I dagane før var det nærast full blokkering og ein brutal aurora-aktivitet. Lettnaden var stor då Marokko og nokre norske stasjonar havna i loggen fredag kveld. Det hadde letta litt.

Då kaffen var koka på laurdag og speidarane på plass,

viste deg seg at forholda på dei lave banda var særst vanskelege. Det er ikkje noko særleg med ivrige 10-14 åringar. Vi la oss på 20 meter med ein gong, og fekk kontaktar gjennom heile dagen. Førebuingane på troppsmøtet før JOTA-helga, gjorde nok at dei fleste kjende seg trygge nok til å prate litt engelsk. Speidarane var tøffe og kasta seg på med ein gong. Det er ikkje heilt enkelt å starte på 20 meter med støy, contest og høg aktivitet. Mange av kontaktane på laurdag hadde vi rundt speiderfrekvensen 14.290. Contest-folka var flinkare til å respektere saktegåande JOTA-samtalar enn tidlegare år. Moglegvis var det berre forholda som var dårlegare? Det blei nokre kontaktar med norske stasjonar òg, men då berre på 40 meter.

No er ikkje JOTA noko contest, men eg nemner i forbi-farta at vi hadde 23 kontaktar med 13 forskjellige land. Dei aller fleste på laurdag og nokre få på søndag.

Korleis organiserte vi JOTA-helga? HF og PMR!

Det var eit mål å få alle speidarane på lufta! Men, det er høgst frivillig og ikkje tvang. Nokre treng å få koma inn når dei sjølve har lyst, og ikkje når vi vaksne seier det. Slik må det vere. Alle som var med, var på lufta på kortbølga minst to gonger, nokre fleire enn det. I tillegg lærte dei så mykje gjennom helga at dei kvalifiserer til JOTA-merket som dei får på juleavslutninga.



Ottobu med mast og windom.



LB4CD kosar seg stort!



Hans Mathias, patruljefører i Fjellrev klar for QSO.



Over: Magnus har fått på seg spelemannshuva og rockar leirbålet om kvelden. Under: Godt å varme seg og ete pysje etter nattorienteringa.

Det meste av gjengen samla før nedrigging av telt, antenner og anna utstyr. Trivelege ungdommar!

Det var spennande å høyre frå andre speidarar i andre land kva for merkekrav dei hadde. Det var aldri meir enn 3 ungdommar ved sida av radioen, og det var godt. Det tar noko tid å leite etter stasjonar, opprette kontakt og snakke med speidarane i andre enden. Samstundes skjedde det noko heile tida utenom radiokjøringa.

Lesja Speidergruppe har handla 6 stk PMR-radioar av typen Zcom TH-6F. Dette var det opplæring på heile helga. Speidarane kvalifiserte seg til å få PMR-merket. Radioane er solide og fungerte utmerka til vårt bruk. Vi testa mellom Hondyrju og Joramø som er ca 10 km i luftline, og det gjekk! Dei kan vi ha nytte og glede av i mange samanhengar, og det er artig å sjå teknologivant ungdom bli ivrige radiobrukarar.

Sporteikn – dyrekjenner merket

Ein aktivitet på dagtid var å leite etter sporteikn på fjellet. Speidarane fann både dyrespor, fjører og ekskrement, og dei var flinke til å ta bilete, notere og vise fram det dei fann. Aktiviteten tar vi med oss vidare og målet er dyrekjennermerket.

Natt-orientering

Då mørkret hadde senka seg, fekk speidarane bryne seg på ei orienteringsløype med seks postar, sett av roverane, Trond og Magnus, tidlegare på dagen. På kvar post var det ein kode og anna som måtte meldast med PMR-radio tilbake til hytta. Då skulle dei òg nytte det

fonetiske alfabetet. Dei bruka nesten to timar på løypa. Det er bra ungdom!

Mat og leirbål

Matlaging og eting både inne og ute er sjølvstygte aktivitetar. Leirbålet hadde vi ute rett etter nattorienteringa. Speidarane våre låg ute i telt. Det var stjerneklårt, fullmåne og vindstille.

Patruljane var nye i haust, og dette var ei positiv og viktig helg for å få etablert patruljane. No i november har dei vore på overnatting i skogen utan vaksne til å passe på.

Ikkje noko stress!

Eg var einaste radioamatør, og då gjeld det å ta det heile med ro. Dei fleste ungdommane roa seg greit på radorommet og spurde og lura på ting knytt til hobben. Det er positivt å ha tid til slik småprat medan ein driv på. Det rare er at tida går ufatteleg fort ei slik helg. Ein gjer mange ting som er moro på ein gong, og så er det plutselig slutt. Vi gler oss allereie til neste år. Kanskje blir det Hondyrju då òg?

Sjekk ut: <http://jotajoti.no/>

Til alle radioamatørar: Hiv deg med ei speidergruppe neste år! Det er gøy.